

# Årsmelding for Rutebilhistorisk forening avd. Nordmøre og Romsdal

Styret som har vore aktivt i inneverande år har vore:

Leiar: Arnfinn Rønning  
Nestleiar: Jan Kjetil Kolberg  
Kasserar: Dagfinn Malmedal  
Sekretær: Torgny Idar Håseth  
Styremedlem: Gunnar Malmedal

Vi har hatt to formelle styremøter i denne perioden, medan vi har hatt to-tre uformelle møter der ulike ting i samband med treffet i Molde. Eit eksempel på eit slikt møte var at vi møtte på parkeringsplassen til Molde Stadion for å sjå på tilhøva der for parkering/ oppstilling under treffet.

Medlemsmassen er stabil på ca 50 medlemmar.

Vi var representert under Landsstemnet i Evje i pinsa i 2007 med bussar. Desse var:

T-3818 Romsdals Skyssforening v/ Dagfinn Malmedal  
T-99086 Batnfjord Auto v/ Jan Edgar Kolberg  
KZ 19781 Molde Bilruiter v/ Geir Larsen  
SP 67977 Eide Auto v/ Oddleif Håseth

Vi gjorde eit relativt stort nummer av at treffet i 2008 skulle vare i Molde. Vi tok og heim to prisar, noko vi kan vare stolte av. T-3818 fekk for lengste køyreveg og SP 67977 fekk for beste 80-talar.

Vi var og representert på årsmøtet med 5 representanter frå vårt område.

Vi har elles arbeidd ein del med treffførebuingar og meiner vi skal vare så nokonlunde à jour med dette.

For styret

Torgny Idar Håseth, sekretær